

Radøy kommune  
Teknisk forvaltning  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

**Arkoconsult AS**  
Postboks 103  
5291 Valestrandsfossen  
Telefon: 56 39 00 03  
Telefaks: 56 19 11 30  
E-post: post@arkoconsult.no  
www.arkoconsult.no

Dykkar ref.:  
18/379-18/5405

Vår ref.:  
Merethe Svarstad

Dato:  
28.11.2018

**OPPHØYR AV ANSVARSRETT, MELDING OM ENDRING AV ANSVARSRETT,  
OG SØKNAD OM LØYVE TIL IGANGSETTING FOR RESTERANDE DELAR AV  
TILTAKET VED GBNR. 77/83 I RADØY KOMMUNE.**

Det vert med dette meldt om opphøyr og endring av ansvarsrettar, samt søkt om løyve til igangsetting for resterande delar av tiltaket på gbnr. 77/83 i Radøy kommune. Det vart gjeve rammeløyve for tomannsbustad og parkeringsplassar samt igangsetjingsløyve for graving, sprenging, oppfylling og planering 25.04.2018. Dette vedtaket vart gjeve for gnr 77, bnr 81 tomt 1, men tomt 1 er no frådelt og har fått nytt matrikkelnummer ( gnr 77, bnr 83).

Tiltakshavar er Helland Eiendom & Invest As. Tiltaket består i oppføring av tomannsbustad på tomt 1 på gbnr. 77/81.

**1.Opphøyr av ansvarsrettar.**

Det vert meldt om opphøyr av ansvarsrett for ansvarleg søkjar ved Terje J. Ledahl AS. Sjå vedlagt skjema, signert av Ledahl. Merk at det står i skjemaet at det gjeld gnr 77, bnr 81, men dette er meint å gjelda alle tomter som er seinare frådelt frå gnr 77, bnr 81.

Terje Ledahl AS har søkt om og fått innvilga rammeløyve, samt igangsetting for graving, sprenging, oppfylling og planering 25.04.2018, jf. saksnr. 18/130. Opphøyr av ansvarsretten før ansvarsområdet er ferdigstilt, skjer som ein følgje av at nytt føretak overtar rolla som ansvarleg søkjar for søknad om løyve til igangsetting for resterande delar av tiltaket.

**2.Melding om endring av ansvarsrett.**

Det vert meldt om endring av ansvarsrett for ansvarleg søkjar, for søknad om løyve til igangsetting for resterande delar av tiltaket, jf. vedlagt skjema signert av tiltakshavar.

Terje J. Ledahl AS, org.nr. 946 696 765, vert erstatta av Arkoconsult AS, org.nr. 918 269 665. Sjå vedlagt erklæring om ansvarsrett for Arkoconsult AS. Arkoconsult AS har sentral godkjenning som dekkjer nemnte ansvarsområde.

Grensesnitt mellom føretaka har eit klart skilje. Terje Ledahl AS har søkt om og fått innvilga rammeløyve, samt at det er gitt løyve til igangsetting for graving, sprenging, oppfylling og planering. Arkoconsult overtar rolla som ansvarleg søkjar for neste steg i søknadsprosessen, og søkjer om løyve til igangsetting for resterande delar av tiltaket. Då det skal utarbeidast ein

---

eigen søknad for løyve til igangsetting for resterande delar av tiltaket, er det ikkje tvil om kvar grensesnittet mellom dei to føretaka går.

Sjå oppdatert gjennomføringsplan i vedlegg G-1.

### **3. Søknad om løyve til igangsetting for resterande delar av tiltaket.**

Det er gitt rammeløyve for tiltaket 25.04.2018, samt løyve til igangsetting for graving, sprenging, oppfylling og planering, jf. saksnr. 18/380.

#### **3.3. Ansvarsrettar.**

Det er henta inn erklæring om ansvarsrett frå ansvarlege prosjekterande, utførande og kontrollerande føretak. Vidare har ansvarleg søkjar mottatt samsvarserklæringar for prosjektering av alt arbeid, der føretaka har opplyst at det ikkje står att arbeid til hinder for å kunne søke om igangsettingsløyve. Sjå ansvarsrettar og oppdatert gjennomføringsplan i vedlegg G-1-5.

#### **3.4. Søknad om løyve til tilknytning til offentleg nett.**

Ansvarleg utførande røyrleggjar har søkt om tilkopling til offentleg nett. Sjå vedlegg Q-1.

Dersom det skulle vera behov for ytterlegare informasjon i høve saka, ta gjerne kontakt med underteikna.

Venleg helsing/Best Regards

*Merethe Svarstad*

**Merethe Svarstad**  
**Jurist, Byggesak**

Direkte: +47 95963006 | Felles: +47 56390003

Faks: +47 56191130

E-post: [lena@arkoconsult.no](mailto:lena@arkoconsult.no)

 **arkoconsult**